



Arkivnr: 2017/1210-1

Saksbehandlar: Bård Sandal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

Gjennomgang av Regionalavdelinga sitt arbeids- og ansvarsområde

Samandrag

I samband med Fylkestinget si budsjettbehandling desember 2016, vart det vedteke i eit verbalpunkt at Fylkestinget vil ha ein gjennomgang av arbeids- og ansvarsområdet til Regionalavdelinga. Gjennomgangen skal synleggjera dagens oppgåver, kva som er lovpålagte oppgåver og ei vurdering av arbeidsdeling og fullmakter.

I saksutgreiinga under vil Fylkestinget få følgjande oversikt:

- Regionalavdelinga si organisering.
- Oversikt over Regionalavdelinga sine arbeids- og ansvarsområdet, slik dei og er framstilt i Budsjett 2017. I dette ligg skildring av arbeidsdeling, delegasjon og fullmakter. Oversikt over forvaltnings- og fagoppgåver delegert til Regionalavdelinga, forankra i regionalpolitiske enkeltvedtak, gjennom regionale planar og tiltak i handlingsprogram, gitt gjennom statlege føringar og forventningar bl.a. i statsbudsjettet, eller forvaltningsoppgåver forankra i nasjonale lover og forskrifter.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek fylkesrådmannen sin gjennomgang av Regionalavdelinga sitt arbeids- og ansvarsområder til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Tiltaksplan RA 2017 - nivå 1 og 2

Fylkesrådmannen, 15.03.2017

Bakgrunn

I samband med Fylkestinget si budsjettbehandling desember 2016, vart det vedteke i eit verbalpunkt at Fylkestinget vil ha ein gjennomgang av arbeids- og ansvarsområdet til Regionalavdelinga.

Gjennomgangen skal synleggjera dagens oppgåver, kva som er lovpålagte oppgåver og ei vurdering av arbeidsdeling og fullmakter.


Regionalavdelinga skal, på vegne av Hordaland fylkeskommune, stimulerer til nyskaping, vekst og sysselsetting i Hordaland. Avdelinga skal være ein pådrivar og støttespelar for kommunar og næringsliv, driv samfunnsutvikling og legg til rette for ei berekraftig forvaltning av naturressursane.

Dette fordrar merksemd på koordinering og samordning, og å bidra til å sikre at aktuelle tiltak og aktivitetar for Hordalandsamfunnet dreg i same retning.

I vedlegget til denne saka er Regionalavdelinga sin tiltaksplan, som utarbeidast i januar og rullerast årleg som følgje av budsjett, politiske vedtak, endra statlege føringar og administrative avgjerder og prioriteringar. Tiltaksplanen syner dei løpande arbeidsoppgåvene i Regionalavdelinga og større tidsavgrensa oppgåver slik som gjeldande regionale planar. Vedlegget inneheld dei same oppgåvene som er skildra i dette dokumentet, men her er dei strukturert etter seksjonane i Regionalavdelinga. Den gir meir informasjon om heimlar, kva politiske vedtak oppgåvene er forankra i, og korleis oppgåvene støtter opp om Regionalavdelinga sine mål og strategiar.

Regionalavdelinga si organisering:

Med utgangspunkt i oppgaveløysing og ivaretaking av fagelg kvalitet har fylkesdirektøren organisert avdelinga i 4 fagseksjonar og samt stabfunksjon:



- Seksjon for nærings- og lokalsamfunnsutvikling
- Seksjon for plan
- Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse
- Seksjon for klima og naturressursforvaltning
- Stab

Avdelinga har samla 59,5 årsverk som varetek avdelinga sine arbeids- og ansvarsområde.

Ramma for Regionalavdelinga si verksemd er lagt i det enkelte års budsjettvedtak. Regionalavdelinga har i 2017 eit samla driftsbudsjett på vel 203 millionar kroner. Av dette er 113 millionar kroner, dvs. 56% av budsjettet, inntekter frå stat og andre eksterne kjelder. Desse inntektene er øyremerka til å bidra til å oppnå mål gjeve i oppdragsbrev, strategiar og regionale planar. Hordaland fylkeskommune bidreg med kr. 89 millionar til avdelinga sitt budsjett.

Fylkesdirektør regional utvikling skal syte for effektiv disponering av dei tildelte økonomiske ressursane i tråd med delegasjonsreglementet, instruksar for økonomistyring og tildelt budsjett.

Arbeids- og ansvarsområdet til Regionalavdelinga er i Budsjett 2017 kategorisert i følgande fagområder:

1. **Regional og kommunal planlegging:** Koordinering av regional planlegging og iverksetjing av regionale planar med vekt på arealretta planar. Koordinering og handsaming av kommunale planar. Dialog på planområdet og formidling av plankompetanse til kommunane. Samordning av regionale sektororgan gjennom Regionalt planforum.
2. **Næringsutvikling:** Bidra til næringsutvikling mellom anna gjennom å forvalte midlar frå ulike støtteordningar til regionale og lokale nærings- og samfunnsutviklingsprosjekt. Vidare tett samarbeid med næringsaktørar, klyngeorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar og kommunar. Leie arbeidet med omstilling i leverandørindustrien. Koordinere etablererrettileiartenesta i Hordaland gjennom ulike satsingar.
3. **Lokalsamfunns- og regionsenterutvikling:** Utvikle regionale senter i tråd med Regional plan for attraktive regionale senter, og vere ein pådrivar for lokalsamfunnsutvikling gjennom Liv og Lyst-programmet og regionale utviklingsprosjekt.
4. **Klima og miljø:** Oppfølging av Klimaplanen og tiltak i klimaplanens årlege handlingsprogram. Koordinere miljøstyringa i HFK; blant anna miljøsertifisering, resertifisering, miljørekneskap, miljøhandlingsprogram og høyringsuttaler.
5. **Naturressursforvaltning:** Lovpålagte forvaltingsoppgåver: havbruk (tildeling av konsesjonar og havbruksinteressar i plansaker), skjelsand, innlandsfisk, regional forvaltningsplan og tiltaksprogram for vassregion Hordaland, kystsel, vilt og energisaker. Høyringsuttale naturressursforvaltning, regelverk og saker. Vidare rådgjeving til kommunar og private.
6. **Folkehelse:** Ivareta samfunnsutviklarrolla regionalt ved å vere pådrivar for å samordne folkehelsearbeidet i fylket. Støtte opp om folkehelsearbeidet i kommunane gjennom økonomiske tilskot, nettverksamlingar, planuttalar og rådgjeving.
7. **Vestlandsrådet:** Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet, koordinere den politiske innsatsen, og med det aktivt påverke rammevilkår for landsdelen.
8. **Forsking:** Oppfølging av Regional forskingsstrategi og koordinering av tiltak som skal bidra til å nå dei vedtekne måla. Mobilisere til forsking som bidrar til innovasjon og verdiskaping; både i privat og offentleg sektor. Dette blant anna gjennom Regionalt FoU-forum, VRI/Regional satsing og Regional mobiliseringsgruppe for Horisont 2020. Leie sekretariatet for Regionalt forskingsfond Vestlandet.
9. **Statistikk og analyse:** Analysere og formidle statistikk og geografiske data om Hordaland til interne og eksterne aktørar, med hovudvekt på kommunane. Utarbeide kunnskapsgrunnlag for regionale planar og strategiar. Evaluere prosjekt; internt og eksternt.

10. **Internasjonalt samarbeid:** Koordinere dei internasjonale aktivitetane i Hordaland fylkeskommune. Dette relatert til fylkeskommunen sine samarbeidsregionar, og medlemskapa i Nordsjøkommissjonen og Vest-Norges Brusselkontor. Mobilisering og rådgjeving i høve til deltaking i europeiske program med vekt på Erasmus+, Interreg og Horisont 2020.

For alle desse fagområda ligg det eit ansvar for dialog og rådgjeving mot eit stort tal av samarbeidspartnarar; blant anna kommunar. I tillegg kjem også sakshandsaming etter gjeldande lovverk. Til sist er det ei viktig oppgåve for alle fagområde å fremje saker til politisk handsaming.

Mål og strategiar for Regionalavdelinga.

I arbeidet med HFK sin verksemdsstrategi (PS-sak FUV 214/2016) er samanhengen mellom regional planstrategi, mål og strategiar for fylkeskommunen vektlagt. Når Regionalavdelinga sin tiltaksplan vert utarbeidd årleg (sjå vedlegg), er eit viktig omsyn å sikre at aktivitetane støtter opp under realisering av avdelinga sine mål og strategiar. Fylkestinget vedtok i desember 2016, budsjettet for 2017, og tok gjennom vedtaket mål og strategiar for Regionalavdelinga til orientering. Utvalde tiltak knytt til mål og strategi er fremma for å synleggjere prioriterte oppgåver. Sjå side 105 og 106 i fylkesrådmannen sitt budsjettgrunnlag: <http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/pdf-til-nyheiter-2016/budsjett-2017.hordaland-fylkeskommune.pdf>

Regionalavdelinga sine aktivitetar knytt til ivaretaking av samfunnsutviklarrolla. Regional utvikling er tett knytt til heilskapleg samfunnsutvikling.

Det er fylkeskommunen som er gjeven mynde og ansvar for å skape en heilskapleg og ønska utvikling i eigen region. Kjernen i det regionale utviklingsarbeidet er å fremje ei heilskapleg og vilja samfunnsutvikling i fylket. Når Stortinget juni 2016 vedtok Stortingsmelding nr.22 – Nye folkevalde regionar, legg Stortinget gjennom vedtaket følgande ramme til grunn når dei peikar på fylkeskommunane sitt ansvar for å ivareta samfunnsutviklarrolla.

Fylkeskommunane skal ivareta:

1. å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga, tilpassa regionale og lokale forhold
2. å mobilisere privat sektor og lokalsamfunn
3. å samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk

Samfunnsutvikling handlar om summen av innsats retta mot klima og miljø, folkehelse, regional planlegging, kompetanse og analyse, kultur, ressursforvaltning, samferdsel og næringsutvikling.

Å gje strategisk retning er ei viktig regional oppgåve, men er ikkje lovpålagt:

Skal ein som fylkeskommune ta ansvaret for å gje strategisk retning til samfunnsutviklinga er det behov for ei samla og akseptert forståing hos dei regionale aktørane av kva hovudutfordringar en region står ovanfor som grunnlag for framtidig utvikling. I dette ligger det å fastsette felles mål for ei heilskapleg og ønska regional utvikling. Dette krev avvegingar mellom kryssande interesser, ulike omsyn, og til slutt god forankring i kommunar og lokalsamfunn. Å gje strategisk retning til samfunnsutviklinga medfører og å prioritere noko og å nedprioritere noko anna. Å gjere dette krev ein legitimitet som fylkeskommunen som folkevald organ allereie har i dag. Plan- og bygningslova er eit virkemiddel for å gjere dette, med dei prosessane lova legg opp til. Her er utarbeiding av regionale planar eit viktig verktøy.

Mobiliseringsarbeid er ei viktig regional oppgåve, men er ikkje lovpålagt:

Eit vesentlig element i samfunnsutviklarrolla er å mobilisere og koordinere ressursar

frå statlege, fylkeskommunale, kommunale og private aktørar. Det inneber og å evne å mobilisere ressursar og kunnskap frå bedrifter, innbyggjarar og organiserte interesser innanfor arbeidsliv, kultur og sivilsamfunn. Mobilisering krev gode møteplassar, nettverk og partnerskap der dei relevante aktørane – med pengar, virkemidlar og ressursar samlast. I dag har Regionalavdelinga ansvar for at fleire slike partnerskap er operative og arbeider effektivt.

Å samordne og koordinere offentleg innsats og virkemiddelbruk er ei viktig regional oppgåve, men er ikkje lovpålagt:

Stortinget ynskjer at fylkeskommunen tek denne rolla. KMD fremmar og denne rolla, i sitt tilsagnsbrev knytt til dei statlege HNH-midlane, som ein føresetnad for tildeling. Rolla vert tillagt fylkeskommunen som folkevalt regionalt nivå, ut frå at statlege styringssignal kan være motstridande når dei skal gjennomførast på regionalt og lokalt nivå. Der er mange målkonfliktar og her må nokon ta ansvar for å sikre heilskap og prioritering. Då er ein folkevalt fylkeskommunen i ein unik posisjon for å få til eit samspel og partnerskap om felles satsingar. Statlege prioriteringar bør sjåast i samanheng og tilpassast dei lokale utfordringane.

Arbeidsdeling, delegasjon og fullmakter.

Ein viktig del av Regionalavdelinga sitt arbeids- og ansvarsområde er knytt til sakshandsaming av forvaltningsoppgåver. Desse utførar avdelinga forankra i regionalpolitiske enkeltvedtak, gjennom regionale planar og tiltak i Handlingsprogram, oppgåver gitt gjennom statlege føringar og forventningar bl.a. i Statsbudsjett, eller forvaltningsoppgåver forankra i nasjonale lover og forskrifter:

Gjennom Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune har fylkestinget delegert fullmakter til politiske organ og til fylkesrådmannen.

Fylkestinget vedtok i tingsetet 13.12.2016, politisk FT sak 114/2016 nytt delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune. Arbeidsgruppa for nytt delegasjonsreglement, bestående av gruppeleiarane i fylkestinget og leia av fylkesvaraordførar, fekk i sitt arbeid skriftleg innspel med bakgrunn i ovannemnde forvaltningsrevisjon. Knytt til delegasjon på økonomiområdet gjorde fylkestinget, med utgangspunkt i fylkesrådmannen si saksutgreiing og i pkt. C i reglementet: Delegasjon til fylkesrådmannen - økonomi , følgjande protokollmerknad som vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling :

«Fylkestinget ønskjer at arbeidsgruppa (gruppeleiarane) også gjennomgår delegasjonsreglementet til rådmannen vedkomande økonomi.»

Fylkesrådmannen kjenner ikkje Arbeidsgruppa sin framdrift knytt til oppfølging av denne gjennomgangen. Forvaltning av økonomiske verkemiddel har ulik saksgang og arbeidsdeling mellom administrativt og politisk alt etter saksområde og storleik på midlane. Dette er skildra under kvart oppgåveområde i denne saka. Det er lagt stor vekt på at fylkeskommunen skal stå fram som ein effektiv og attraktiv samarbeidspartner og premissleverandør i Hordaland. Difor vert søknader om støtte til mindre prosjekt handsama administrativt fortløpande etter kvart som søknadene kjem inn heller enn etter fastsette fristar. Vurdering og prioritering skjer alltid etter politisk vedtekne rammer. Større tildelingar vert alltid fremma for politisk handsaming i det utval som delegasjonsreglementet har gjeve fullmakt.

Fylkesrådmannen sine fullmakter er nedfelt i delegasjonsreglementet slik:

- del B. Delegasjon til fylkesrådmannen
- del C. Delegasjon etter særlov

Sidan fylkestinget i desember 2016 vedtok rammene i eit nytt Delegasjonsreglement, så vil ikkje fylkesrådmannen i denne saka gå inn i desse i detalj. Regelementet ligg fast som grunnlag for arbeidsdeling mellom politikk og administrasjon. Men i den tabellariske opplistinga som er vist under vil det kome fram ei tydeleggjering av denne arbeidsdelinga knytt til delegasjon og fullmakter.

Oppgåvene som er lagt til Regionalavdelinga er skildra i tekstform, med vekt på forankring av oppgåvene og i kva grad dei er prioritert. Forvaltning av økonomiske verkemiddel er også skildra der dette er aktuelt.


Ei opplisting av oppgåvene følgjer i tabellform knytt til kvart oppgåveområde. Om oppgåvene er pålagt gjennom lov eller forskrift er dette markert. Der oppgåva følgjer av regional plan eller andre politiske vedtak, er dette synleggjort i eigen kolonne.

For oppgåver som krev avgjerder, slik som fordeling av økonomiske verkemiddel, fråsegn og motsegn, er arbeidsfordeling mellom politisk og administrativt nivå synleggjort med kryss på dei politiske organ saka vert lagt fram for. Linjer utan kryss på politisk utval betyr at fylkestinget gjennom vedtak av delegasjonsreglementet har delegert til fylkesrådmannen eller fatta vedtak gjennom budsjett eller enkeltvedtak.

Regionalavdelinga har mange forvaltingsoppgåver etter særlov. For å bidra til ei fleksibel og effektiv forvaltning av særlover vedtek politisk utval strategiar og regional politikk på områder etter særlov, og sakshandsaming og vurderingar skjer administrativt. Fylkestinget har delegert fylkeskommunen sitt mynde etter særlov til politiske organ og til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen har dels vidaredelegert sine fullmakter til fylkesdirektøren. Arbeidsfordeling i tråd med delegasjonsreglementet er synleggjort i eigen tabell der dette er relevant. Linjer utan kryss på politisk utval, betyr at fylkestinget har delegert mynde til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har med bakgrunn i dette gjeve fylkesdirektør regional utvikling ansvar for oppfølging og gjennomføring av oppgåver lista opp i oversikta under. Desse er grunnlag for prioriteringane i fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2017 .

Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling



Hordaland fylkeskommune skal bidra til næringsutvikling mellom anna gjennom å forvalte midlar frå ulike støtteordningar til regionale og lokale nærings- og samfunnsutviklingsprosjekt. Utviklingsarbeidet vert gjort i tett samarbeid med næringsaktørar, klyngeorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar og kommunar. Avdelinga leiar òg arbeidet med omstilling i leverandørindustrien og skal koordinere etablererrettileiartenesta i Hordaland gjennom ulike satsingar. Programsatsingane «Invest In Bergen» og «Etablerersenteret», med til saman 4 personar, er frå 2017 overført frå det tidlegare selskapet BRB til HFK. Dette etter ynskje frå kommunane.

Regional næringsplan 2013-2017, er vedteke i Fylkestinget og er styrande for arbeidet med næringsutvikling i Hordaland. Fylkesutvalet vedtek årleg i sitt februar møte, Handlingsprogram for næringsutvikling (HNN), som peikar på kva for innsatsområde som skal prioriterast i Hordaland fylkeskommune det komande året.

Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling er etablert for å ivareta desse oppgåvene og har 20 medarbeidarar. Dei ivaretek forvaltning av dei budsjettmessige ansvarsområda lista opp under, samt dei saksfelte som er i tabellen under. Medarbeidarane arbeider innanfor dei tre hovudstrategiane som er vedtatt i næringsplanen, «Meir entreprenørskap og innovasjon», «Fleire med relevant kompetanse» og «Bergensregionen, regionsenter og lokal samfunnsutvikling».

I tillegg har Fylkesutvalet peika på seks næringar som er særskilt viktige i Hordaland; Energisektoren, inkludert olje og gass, maritim sektor, marin sektor, reiseliv, media og kultur og landbruk.

Oppgåvene som vert utført på seksjonen heng tett saman med forvaltning av økonomiske verkemiddel.

Verkemiddel:

Ansvarsstad	Brutto budsjett	Venta eksterne inntekter
160300 Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling	13 551 000	
160302 HNN - statlege overføringar	58 100 000	-58 100 000
160303 HNN - fylkesmidlar	3 455 000	
160304 Landbruk-RULL	1 200 000	-1 200 000
160305 Kompensasjonsmidlar	3 900 000	-3 900 000
160308 Næringsretta partnerskapsmidlar	12 048 000	
160325 Etablerersenteret	3 000 000	-1 500 000
160326 Invest in Bergen	4 000 000	-2 000 000
160314 Lokalsamfunnsutvikling og LivOGLyst	1 000 000	
160319 Vestlandsrådet	500 000	-300 000
160320 VRI		
160323 Utviklingsmidlar	9 435 000	
160324 Folkehelsearbeid	4 078 000	
160324 Folkehelsearbeid	500 000	-100 000
160327 MobiForsk	2 550 000	-2 550 000

Seksjonen forvaltar ulike midlar og støtteordningar, både fylkeskommunale og statlege. Hovudtyngda av midlane seksjonen forvaltar vert gjort på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Både Regionale utviklingsmidlar (HNN statlege overføringar), midlar til omstilling, Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift og midlar til breibandsutbygging vert gjort på oppdrag frå departementet. Dei største fylkeskommunale midlane er knytt til «Næringsretta partnerskapsmidlar» og «Unike regionale utviklingsprosjekt».

Omfang og forvaltning:

- *Regionale utviklingsmidlar «HNN statlege overføringar»:* For 2017 mottar Hordaland fylkeskommune kr 58,1 mill frå Kommunal og moderniseringsdepartementet.

- 40% av midlane er øyremerka bedriftsretta tiltak og kr 23,5 mill overført direkte til Innovasjon Noreg til det.
- Kr 9 mill er øyremerka Omstilling ved akutte endringar i arbeidsmarknaden. Det er sett ned eit eige omstillingsutval, leia av Fylkesordførar, som peikar på omstillingsutfordringar og høvelege tiltak for å imøtekomme dette.
- Av dei resterande midlane vedtar Fylkesutvalet kor stor del som skal nyttast til Partnerskapsmidlar og kven som skal verte løyvd dette, Regionale etablererfond og ulike program og satsingar.
- Dei resterande midlane vert nytta som søkbare midlar til prosjekt og tiltak som kan gje måloppnåing i politisk vedtekne strategiar. I 2016 vart det løyvd midlar til 122 prosjekt og tiltak innan nærings- og samfunnsutvikling.
- Tildelingar til sær store, eller regionalt viktige prosjekt, vert hovudsakleg løfta til Fylkesutvalet for handsaming.

Fylkesrådmannen erfarer at kort sakshandsamingstid for midlane, tett dialog mellom søkar og fylkeskommunen og moglegheiter for å dekke manglar i det nasjonale verkemiddelapparatet er ein viktig faktor for at midlane er etterspurte og leverer i høve måla for regionalpolitikken nasjonalt og regionalt.

Fylkesutvalet og KIRU får kvartalsvis oversyn over løyvingane som er gjort.

Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift: Kompensasjonsmidlar vert lyst ut årleg i ein storleiksorden på 17 mill kr. Tildelinga vert handsama politisk av Fylkesutvalet.

Næringsretta partnerskapsmidlar: Midlane på samla 12 millionar kroner vert årleg fordelt av Fylkesutvalet. Unike regionale utviklingsprosjekt: Midlane på kr 9,4 mill vert handsama og fordelt av Fylkesutvalet kvart andre år (Utlising i 2017).

RULL midlar (rekruttering, utdanning og likestilling i landbruket) på kr 1,2 mill vert handsama årleg administrativt i samarbeid med landbruksorganisasjonane i Hordaland. Tildelingane vert rapportert til Fylkesutvalet.

Oppfølging og rådgjeving knytt til eksterne samarbeidspartnare

Fylkeskommunen arbeider i breie partnerskap på mange område. I oppdragsbrevet frå Kommunal og moderniseringsdepartementet vert fylkeskommunen peika på som den aktøren som skal ta ansvar for å leie og utvikle regionale partnerskap.

Den viktigaste partnerskapen i Hordaland er Regionalt næringsforum, som samlar regiondirektørane for Innovasjon Noreg, arbeidslivsorganisasjonane, KS, NAV, rektor ved UiB, nærings sjef i Bergen kommune, Landbruksdirektøren og Forskningsrådet sin regionalansvarlege.

Innan lokalsamfunnsutvikling leiar fylkeskommunen ein partnerskap mellom Fylkesmannen, Innovasjon Noreg og fylkeskommunen.

Fylkeskommunen samlar dei administrative regionrådsleiarane til informasjons- og erfaringsutveksling 4-6 gonger i året.

Fylkeskommunen har òg partnerskap innan mellom anna forskingsmobilisering i næringslivet og grøn næringsutvikling og legg til rette for samhandling mellom Næringshagane og inkubatorane i fylket (INUNETT).

(NL = seksjon for Næring og lokalsamfunnsutvikling)

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Gjennomføre regional næringsplan med årleg handlingsprogram (HNN)	NL		X	X	X	
Oppfølging/gjennomføring av tiltak knytt til innsatsområdet "Entreprenørskap og innovasjon"	NL		X			
Oppfølging/gjennomføring av tiltak knytt til innsatsområdet "Relevant kompetanse"	NL		X			
Oppfølging/gjennomføring av tiltak knytt til innsatsområdet "Bergens-region, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling i Hordaland"	NL		X			
Oppfølging/gjennomføring av prosjekt retta mot bransjar med sær-skilt fokus i HNN	NL		X			
Oppfølging/gjennomføring av tiltak knytt til "Omstilling og nyskaping"	NL		X			
Oppfølging/gjennomføring av tiltak knytt til "Klima og miljø satsinga i HNN"	NL		X			
Forvalte økonomiske ressurser knytt til næringsutvikling	NL	X			X	
Regionale utviklingsmidlar programkategori 13.50 og FUV-midlar	NL	X	X			
Tilskot til Etablerarfond	NL		X			
Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift	NL	X	X		X	
Unike regionale utviklingsprosjekt	NL		X		X	
RULL-midlar	NL	X	X			

Omstilling Hordaland	NL	X	X			
Partnerskapsmidlar budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar»	NL		X		X	
Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland	NL		X			
Tilskot til utvikling av datalagringsentre og betre fiberstamnett i Hordaland			X			
Plan og strategiarbeid i seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling	NL		X	X	X	X
Oppfølging og rådgivning knytt til eksterne samarbeidspartnarar	NL	X	X			
Dialogmøte med samarbeidspartnarar som mottar partnerskapsstøtte	NL		X		X	
Rådgeving og prioritering av søknadar til Breiband (statleg pålagt oppgåve)	NL	X				
Ivareta og utvikle regionale partnerskap	NL	X				
Eigarskapsforvaltning	NL		X	X	X	X

Seksjonen har tre lovpålagte oppgåver knytt til næringsutvikling. Både for NAV og UD utfører seksjonen næringsfaglege vurderingar for etablerarar som enten mottar dagpengar, eller søker opphald på næringsfagleg grunnlag. Fylkeskommunen har også lovpålagte oppgåver (Omstillingslova) knytt til nedlegging av større næringsverksemdar i fylket.

Delegasjon etter særlov:

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrif pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Næringsfaglege vurderingar for NAV	NL	X				
Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven) av 15.05.2008 nr 35 Forskrifta § 6-18 Fylkesrådmannen har fullmakt til å gi uttale om det økonomiske grunnlaget for drift av næringsverksemd.	NL	X				
Lov om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd (omstillingslova) av 06.06.2008 nr. 84 Tar imot melding, fullmakt til å kalla inn til møte og kartleggja og vurdere tiltak for vidare arbeid eller andre alternativ til å leggja ned bedrifta.	NL	X				

Lokalsamfunns- og regionsenterutvikling

Utvikle regionale senter i tråd med Regional plan for attraktive regionale senter, og vere ein pådrivar for lokalsamfunnsutvikling gjennom Liv og Lystprogrammet og regionale utviklingsprosjekt.

Styrke regionsenter gjennom satsing på næringsutvikling, miljøvenlege transport- og logistikkordningar og berekraftige bu- og arbeidsområde som fremjar livskvalitet og folkehelse.

Fylkeskommunen lyste mellom anna ut kr 3 mill seinhausten 2016, til regionsenter og lokal samfunnsutvikling i kommunar.

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Tilskot til lokalsamfunnsutvikling (LivOGLyst)	NL		X			
Oppfølging/gjennomføring av tiltak knytt til innsatsområdet "Bergens-region, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling i	NL	X	X			

Folkehelse

Fylkeskommunen skal ivareta samfunnsutviklarrolla regionalt ved å vere pådrivar for å samordne folkehelsearbeidet i fylket. Regionalavdelinga støttar opp om folkehelsearbeidet i kommunane gjennom økonomiske tilskot, nettverksamlingar, planuttalar og rådgjeving. HFK initierer og deltaking i fleire i nasjonale program og prosjekt på folkehelseområdet.

Verkemiddel:

Fylkestinget løyver i budsjett 2017, kr 4 mill til tilskot til folkehelseiltak i kommunane og nettverksmøte i for folkehelsekoordinatorane i kommunane. Tildelingar vert gjort i samsvar med Fylkesutvalssak PS 20/2017.

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Støtte kommunane sitt folkehelsearbeid	NL	X	x			
Støtte fylkeskommunen sitt folkehelsearbeid	NL	X	X			
Samordne og bygge nettverk	NL	X	X			
Rullere handlingsprogrammet til reg.plan Folkehelse	NL		X	X	X	X
Deltaking i nasjonale program	NL			X	X	

Delegasjon etter særlov:


Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) 2011 Gjennomføre fylkeskommunens lovpålagte oppgave innen folkehelse og bidra til gjennomføring av regional plan for folkehelse	NL FIA					

Vestlandsrådet

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet, koordinere den politiske innsatsen, og med det aktivt påverke rammevilkår for landsdelen.

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Oppfølgingsoppgåver knytt til Vestlandsrådet.	NL		X			

Seksjon for klima og naturressursforvaltning



Seksjonen er etablert for å ivareta desse oppgåvene og har 12 medarbeidarar. Dei varetek forvaltning av dei budsjettmessige ansvarsområda lista opp under, samt dei saksfelte som er i tabellen under

Ansvarsstad	Brutto budsjett	Venta eksterne inntekter
160400 Seksjon for klima og naturressursforvaltning	7 863 000	-300 000
160402 Klimaplan for Hordaland	9 500 000	
160402 Klimaplan for Hordaland	1 000 000	
160403 Miljø	565 000	
160403 Miljø	250 000	
160404 Tilskotsmidlar jakt og fiske	500 000	-500 000
160406 Vassregion	2 100 000	-2 100 000
160408 Skjellsandkonsesjonar	100 000	-100 000

Miljø- og klima har fått auka merksemd dei siste åra politisk i HFK og statlege forventningar aukar. Hordaland er blant dei beste fylkeskommunane i Noreg på klimaarbeid.

Seksjon for klima- og naturressursforvaltning har hovudansvar for oppfølging av Klimaplanen og tiltak i klimaplanens årlege handlingsprogram. Arbeidet styrast av dei årlege handlingsprogramma til Klimaplanen som fylkestinget vedtar. Handlingsprogrammet listar dei 35 prioriterte tiltaka administrasjonen jobbar med i løpet av året. Det er spesielt fokus på nullutslippsteknologi i transportsektoren, klimatilpassing og klimasamarbeid med forskning/utdanning, næringsliv, kommunar og organisasjonar.

Systematisk miljøstyring er innført i HFK. Seksjonen koordinerar miljøstyringa i HFK; blant anna miljøsertifisering, resertifisering, miljørekneskap, miljøhandlingsprogram og høyringsuttaler. Sekretariat for Miljøprisen, lokale miljøtilskot og tilskot til regionale miljøorganisasjonar.

Verkemidlar

Klimaplanens handlingsprogram

I budsjettet for 2017 løyva Fylkestinget 4 millionar i tillegg til fylkesrådmannens innstilling på 5,5 millionar til tiltak for å følgje opp Klimaplanens handlingsprogram. I tillegg blir ekstraløyvinga til Forprosjekt

miljøteknologi ferje Breistein-Valestrandsfossen plassert på denne posten. Totalt blir summen til klimatiltak på denne posten dermed 10.5 millioner kroner i 2017.

Klimasats

Seksjonen søkte og fikk tilsagn 2,2 millioner i statlege Klimasatsmidlar i 2016,. Det største prosjektet er kr 1,75 millioner øymerka ladeinfrastruktur for elektriske drosjar. For 2017 søkaste det om Klimasats-midlar til nye prosjekt.

Miljø

Fylkestinget løyva totalt 815.000 miljøposten som inkluderar tilskot til demokratiske miljøorganisasjonar, Miljørpisen og miljøtilskot konkrete miljøtiltak hos lag og organisasjonar.

Statlege vassforvaltingsmidlar

Den øymerka tildelinga var i 2016 på 2,385 millioner. Største delen er øymerka drift av dei 5 vassområda i Hordaland. Tildelinga for 2017 er på same nivå. I tillegg er det i januar 2017 søkt Miljødirektoratet om 3 millioner i statlege midlar til tiltak for betre tilstand i vassførekomstar i Hordaland.

Statlege viltmidlar

Den statlege tildelinga av jegeravgiftmidlar i 2016 var på 0,5 millioner som MISA fordelte til villtiltak i Hordaland. Det er budsjettert med same nivå i 2017.

Skjellsandskonsesjonmidlar

Øymerka midlar frå konsesjonsavgift for skjellsandskonsesjonar brukaste til miljøovervåking av skjellsandlokalitetene. Inntekter i 2017 er forventet å vere kr 100.000.

Marin tilskotordning

Nokre havbrukskonsesjonar har konsesjonsavgift som gir midlar til Marin tilskotordning. HFK fikk ikkje slike midlar i 2016, og det er uvisst per dags dato om HFK får slike midlar utbetalt i 2017.

(KNS= Seksjon for klima- og naturressursforvaltning)

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Fråsegner/høyringsuttale	alle			X		
Ny teknologi i transport – elektrifisering og hydrogen	KNS	X				X
Klimaplanen sitt handlingsprogram, fortsatt til begge utval som no	KNS	X	X			X
Miljøpris	KNS		x	x		
Tilskot til klimarettatiltak	NL		x			x
Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak	KNS		x	x		x

Tilskot til ladeinfrastruktur 2016	KNS		x			x
Tilskot til miljøorganisasjonar	KNS		x			x

Naturressursforvaltning

Lovpålagte forvaltingsoppgåver: havbruk (tildeling av konsesjonar og havbruksinteressar i plansaker), skjelsand, innlandsfisk, regional forvaltningsplan og tiltaksprogram for vassregion Hordaland, kystsel, vilt og energisaker. Høyringsuttale naturressursforvaltning, regelverk og saker. Vidare rådgjeving til kommunar og private. For alle desse fagområda ligg det eit ansvar for dialog og rådgjeving mot eit stort tal av samarbeidspartnarar; blant anna kommunar. I tillegg kjem også sakshandsaming etter gjeldande lovverk.

Mest arbeidsinnsats brukast på tildelingsforskriftene i akvakulturlova der fylkeskommunen mottok søknadar om tildeling av, og endring i eksisterande løyve til akvakultur og all klarering av nye lokalitetar. Sakshandsaminga omfattar kvalitetssikring og høyring av søknadar, koordinering av involverte sektormynd, samt slutthandsaming etter reglane i tildelingsforskriftene. Sist år var det 70 slike vedtak. Fylkeskommunen har etter forskrift ansvar for ivareta regionale og nasjonale akvakulturinteresse i kommuneplanar. Eventuelle motsegn i akvakultursaker ligger i KIRU.

Fylkeskommunen si rolle i energisaker er dels pålagt i lov- og forskrift og dels styrt av regional plan for småkraftverk. Fråsegn i kraftsaker og kraftlinesaker handsamast av KIRU og FUV, mens innspel til utgreiingstema på tidleg stadi i søknadsprosessen skjer administrativt. Seksjonen har ikkje nok tilsette til å handsame konsesjonssaker på sokkelen utanfor Hordaland og fylkeskommunen gir derfor ikkje fråsegn til konsesjonssøknader på sokkelen.

Seksjonen har ansvar for utarbeiding, rullering og oppfølging av lovpålagt oppgåve regional forvaltningsplan og tiltaksprogram for vassregion Hordaland. Denne regionale planen setter miljømål og eventuelle tiltak for å nå god økologisk og kjemisk tilstand. Hordaland fylkeskommune er ein av totalt 11 vassregionmyndigheiter etter vassforskrifta i Noreg.

Fylkeskommunen fikk i 2010 fleire oppgåver innan forvaltning av vilt og innlandsfisk. Det er forvaltning av hjort som det er mest arbeid med på dette feltet.

Fylkeskommunen har og ansvar for tildeling av løyve til felling av kystsel. For skjelsand er det fylkeskommunen som gir konsesjon til uttak og brukar konsesjonsavgift til å miljøovervaking av uttaka.

På grunn av avgrensa administrative ressursar gir HFK berre fråsegn til ein mindre del av søknader om løyve til forureining.

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Fråsegner/høyringsuttale	alle			X		
Arealrelaterte miljøsaker, inkludert vasskraft , energi, skjellsand, vannforvaltning med meir	KNS	x	X	x	x	x

Tilskot til villtiltak	KNS	x		x		
------------------------	-----	---	--	---	--	--

Delegasjon etter særlov:

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Lov om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m.v. (industrikonsesjonsloven) av 14.12.1917 nr. 16 KIRU har fullmakt til å gje uttale i saker om søknad om konsesjon.	KNS		X		x	
Lov om vassdragsreguleringer av 14.12.1917 nr. 17	KNS		X	x	x	
Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster av 21.06.1963 nr. 12 (Kontinentalsokkelova) Konsesjon til uttak av skjelsand, sand og grus.	KNS		X	x		
Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) av 13.03.1981 nr. 6	KNS		x	X		
Lov om laksefiske og innlandsfiskm.v. av 15.05.1992 nr 47.	KNS		x			
Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (2004-11-15 nr 1468).	KNS		x	x		
Forskrift om etablering og drift av kultiveringsanlegg for fisk og kreps (1992-12-30 nr 1232).	KNS				x	
§ 18, 1 a) Vurdering konsesjonsplikt små vasskraftanlegg. Høyringsfråsegn	KNS			x		
Lov om forvaltning av villlevande marine ressursar (havressurslova) av 06.06.2008 nr 37. jfr. Forskrift om delegering av kompetanse til fylkeskommunen til å fatte vedtak om undervisningskvoter etter lov 6. juni 2008 nr 37 om forvaltning av villlevande marine ressursar (havressurslova) § 13, av 26.10.2009 nr 114	KNS					

Forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvannsorganismer (1993-11-11 nr 1020).	KNS					
Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova) av 24.11.2000 nr. 82 § 8 jfr. brev frå Olje- og energidepartementet 07.12.2009 Fylkesutvalet har fullmakt til å gje konsesjon for kraftutbyggingar under 1 MW med dei avgrensingar som departementet har	KNS		X	X		
Lov om akvakultur (akvakulturloven) av 17.06.2005 nr 79 jfr. Forskrift om tildeling og drift ved havbeiteverksemd (havbeiteforskrifta) av 28.08.2003 nr 1110 Forskrift om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret av 22.12.2004 nr 1799 Forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevasdrag og nasjonale laksefjorder av 22.06.2009 nr 961.	KNS			x		
Forskrift om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften) av 22.12.2004 nr 1798	KNS			x		

Internasjonalt arbeid

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse (FIA)



Seksjonen har er etablert for å ivareta desse oppgåvene og har 12,5 medarbeidarar. Dei ivaretek forvaltning av dei budsjettmessige ansvarsområda lista opp under, samt dei saksfelte som er i tabellen under

Ansvarsstad	Brutto budsjett	Venta eksterne inntekter
Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse		
160800	7 343 000	
Forskning, internasjonalisering og analyse - prosjekt		
160801	357 000	
160802 Erasmus	800 000	-800 000
160803 Aktiv ungdom	500 000	-500 000
160804 Nordsjøprogrammet	120 000	-120 000
160805 Regionalt forskningsfond	39 324 000	-39 324 000

Forskning

Regional forskingsstrategi Hordaland 2015-2019 er vedtatt av Fylkestinget. Dei to strategiske grepa er 1) Auka samarbeid om forskning, dvs. å mobilisere, stimulere og kvalifisere aktuelle miljø til auka samarbeid om forskingsaktivitet og 2) Auka bruk av ordningar for finansiering av forskning, dvs. marknadsføre og stimulere til bruk av ordningar for finansiering av regionalt relevant og viktig forskingsaktivitet.

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse (FIA) har ansvar for å følge opp Regional forskingsstrategi og koordinere tiltak som skal bidra til å nå dei vedtekne måla. Strategien blir følgd opp gjennom Regionalt FoU-forum. Her deltar representantar for forskingsinstitusjonane, næringslivet, kommunane og regionale statlege aktørar.

Verkemidlar

Regionalt forskningsfond Vestlandet (RFFVEST)

Regionalt forskningsfond Vestlandet (RFFVEST) omfattar Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Sekretariatet for RFFVEST er lagt til Hordaland fylkeskommune.

Fylkestinga i fondsregionen oppnemner fondsstyret og vedtek i kvar valperiode ei felles bestilling som fondsstyret skal jobbe etter. Fondsstyret består av dei tre fylkesordførarane og representantar frå næringslivet og forskingsmiljøa i dei tre fylka. Vervet som styreleiar går på omgang mellom dei tre fylkesordførarane.

Fondsstyret er ansvarleg for at fondet når dei nasjonalt fastsette føremåla med ordninga og dei regionale måla som er fastsett av dei deltakande fylkeskommunane. For perioden 2016-2019 har RFFVEST fått i oppdrag å finansiere forskning som bidrar til verdiskaping, innovasjon og omstilling og gode klima- og miljøløysingar, både i privat og offentleg sektor. I 2016 fekk RFFVEST tildelt ekstramidlar frå KD for å finansiere forskning som kan bidra til omstilling i næringslivet på Vestlandet. Kvart år får fylkestinga rapport frå arbeidet, med høve til å gje supplerande føringar til vedtatt bestillingsbrev.

Forvaltninga av RFFVEST blir gjort på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet (KD). For 2017 mottar RFFVEST 39,3 millionar kroner frå KD. RFF Vestlandet skal som hovudregel lyse ut midlar innan søknadstypane Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) og Regionale bedriftsprosjekt/Regionale offentlege prosjekt (Hovudprosjekt).

Mobiliseringsaktivitetar

MOBIFORSK (2017-2019)

Fylkeskommunene leiar regionale satsingar for mobilisering av bedrifter til forskningsbasert innovasjon finansiert av Forskningsrådet. De regionale satsingene utformes gjennom dialog og forhandlinger mellom fylkeskommunene og Forskningsrådet. Verkemidlane som skal nyttast i den regionale satsinga i Hordaland, MobiFORSK, er *Kompetansemekling, Dialogmøte og Mobilitet*. Arbeidet skal koordinert gjennom Regionalt FoU-forum. MobiFORSK vil vere tett kopla til Regionalt forskingsfond Vestlandet ved at innsatsen tematisk er samanfallande. HFK har ansvar for leing, økonomistyring og rapportering til NFR. Forskningsrådet har totalt løyvd 5,4 millionar kroner til MobiFORSK, der 1,5 millionar kroner går til HFK og 3,9 millionar kroner til Høgskolen på Vestlandet.

Forskings- og innovasjonsverkstad

FIA har intensivert arbeidet med å mobilisere kommunane til auka bruk av forskning gjennom ei eiga satsing på forskings- og innovasjonsverkstad for kommunane i kombinasjon med kompetansemekling i offentleg sektor. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med KS. KS dekkjer 50 % av kostnadene (300 000 kroner), RFF dekkjer 100 000 kroner. Resten er eigeninnsats frå dei involverte partane.

Mobilisering til Horisont 2020

FIA leiar ei regional satsing for å mobilisere til fleire søknader til EU sitt forskingsprogram, Horisont 2020. Prosjektsøknader som blir godkjende blir fullfinansiert av EU. Som lekk i dette må det byggjast strukturar og nettverk regionalt for å lukkast på dette området. Målet er å fange opp forskingsbehov i næringslivet og offentleg sektor, kople aktørane med forskingsmiljø i regionen og med internasjonale partnerar og gje rettleiing undervegs. I mobiliseringsgruppa inngår Universitetet i Bergen, Innovasjon Norge, Forskningsrådet, Bergen kommune og Høgskulen på Vestlandet.

(FIA = Seksjon for Forsking, internasjonalisering og analyse)

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Koordinere tiltak for å oppnå måla i forskingsstrategien gjennom Regionalt FoU-forum	FIA		x			
Forvalte Regionalt forskingsfond Vestlandet	FIA		x			
Mobilisere kommunar til auka bruk av RFF og andre finansieringsordningar for forskning (Forskings- og innovasjonsverkstad)	FIA		x			
Mobilisere bedrifter til auka bruk av RFF og andre finansieringordningar for forskning (MOBIFORSK)	FIA, Næring		X			
Leie regional mobiliseringsgruppe for Horisont 2020	FIA		x			

Statistikk og analyse

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse (FIA) har ansvar for å utarbeide statistikk, kart og analysar som skal leggjast til grunn for vedtak som skal fattast på politisk og administrativt nivå. Fylkesrådmannen har avsett egne ressursar til dette for å sikre ei mest mogleg kunnskapsbasert forvaltning av HFK sine oppgåver. Alternativet til denne satsinga hadde vore å kjøpe nødvendige analysar eksternt som ville ha representert ein større kostnad for HFK. Ved å utarbeide kunnskapen sjølv sikrar HFK samstundes betre at kompetansen vert verande i organisasjonen.

Kunnskapsgrunnlaget skal både leggjast til grunn for HFK sitt arbeid med utarbeiding og oppfølging av regionale planar og for kvalitetssikring av HFK sine driftsoppgåver. FIA utarbeider årlege analyser for å overvake utviklinga i hordalandssamfunnet gjennom t.d. befolknings- og boligprognosar, klima- og miljøstatus, den økonomiske utviklinga i dei viktigaste næringsklyngene pluss statistikkpublikasjonen Hordaland i tal. FIA drifter i tillegg ein nettbasert statistikk- og kartteneste som er retta inn både mot interne og eksterne brukarar. Store delar av kunnskapsproduksjonen er og relevant for kommunane sitt planarbeid og blir gjort tilgjengeleg for dei i samarbeid med planseksjonen. FIA vil i 2017 opne for at kommunane kan bestille egne analysar til kostpris.

Fylkeskommunane er pålagte gjennom folkehelseloven å utarbeide ein folkehelseoversikt for fylket og understøtte kommunane i deira arbeid med folkehelseoversikter gjennom rettleiing og med metodiske verktøy.

FIA har fått ansvaret for å utarbeide Regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Til grunn for dette er det utarbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag på bestilling frå temagruppene i planprosessen. Dette er publisert i egne AUD-rapportar. Planutkast skal sendast ut på høyring i vår og planen blir lagt fram for vedtak i fylkestinget i oktober. Planen, inkludert handlingsplan, er utarbeidd i tett samarbeid med universitet, høgskule, næringslivsorganisasjonar, statlege regionale aktørar og kommunane. Desse aktørane vil og bli involvert i implementeringa av planen. Eit av hovudgrepa i planen er å utvikle ein samarbeidsmodell som ivaretek dei viktigste sektorane i arbeidslivet og som tek omsyn til geografiske skilnader. Det vil vere HFK i kraft av sin samfunnsutviklarrolle, som skal leie dette arbeidet.

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Utarbeide statistikk, kart og analysar som kunnskapsgrunnlag for regionale planar og for oppfølging av tiltaksplanane	FIA		x			
Utarbeide statistikk, kart og analyser som kunnskapsgrunnlag for kommunane sitt planarbeid	FIA					
Utarbeide årlege analyser for å overvake utviklinga i hordalandssamfunnet	FIA					
Utarbeide analyser på bestilling frå avdelingane i fylkesadministrasjonen for å evaluere og måle effektar av arbeidet.	FIA					
Drifte og vidareutvikle statistikk- og karttenester på nett for fylkeskommunale einingar, kommunar og andra	FIA					

Utarbeide regional plan for kompetanse og arbeidskraft og følgje opp tiltaka i handlingsplanen	FIA		x			
Utarbeide folkehelseoversikt for fylket	FIA	x				
Rettleie kommunane i utarbeidinga av folkehelseoversikter	FIA	x				
Understøtte kommunane sitt folkehelsearbeid med statistikk, analysar og verktøy	FIA	x				

Internasjonalt samarbeid

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse (FIA) har ansvar for å koordinere dei internasjonale aktivitetane i Hordaland fylkeskommune. HFK har eit breitt internasjonalt engasjement som er forankra i Internasjonal strategi 2013-2016. Det internasjonale arbeidet skal vere ein integrert del av Hordaland fylkeskommune sin innsats for å utvikle hordalandssamfunnet.

Verkemidlar - EU-program

Ved å delta i internasjonale samarbeidsprosjekt med støtte frå EU-program som vi har tilgang til gjennom EØS-avtalen, vil ein kunne få finansert oppgåver og tiltak som er prioriterte i våre planar og strategiar. Føresetnaden er at prosjekta bidrar til å nå EU sine mål nedfelt i EU2020-strategien. Dei mest relevante programma for HFK er i tillegg til Horisont 2020, Interreg, Erasmus+ og Creative Europe. FIA mobiliserer både internt og eksternt for å auke bruken av desse programma der dette er relevant og gir ein meirverdi for hordalandssamfunnet. Alle prosjektsøknader som HFK deltar i, av eit viss omfang, skal godkjennast av fylkesutvalet.

Europeiske organisasjonar

HFK er medlem i CPMR (Committee of Peripheral and Maritime Regions) og Nordsjøkommisjonen. Føremålet er å påverke rammevilkåra for hordalandssamfunnet og byggje nettverk med andre europeiske regionar. Fylkestinget oppnemner politiske represenantar til dei fire tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen. Fylkesordførar har stemmerett på generalforsamlinga i CPMR og Nordsjøkommisjonen.

Samarbeidsregionar

HFK har inngått samarbeidsavtalar med 6 europeiske regionar. Avtalane utgjer ei formell ramme for utveksling av «best practice», kulturformidling og skulesamarbeid. Det er etablert hordalandsklassar (vg2 i utlandet) i 4 av desse regionane. Alle samarbeidsavtalane er underskrive av fylkesordførar.


Vest-Norges Brusselkontor

HFK er medlem i Vest-Norges Brusselkontor (VNB) saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Bergen kommune og ei rekkje andre kommunar. Føremålet med medlemskapet er å få ei tettare kopling til prosessane i EU, EU sine organ og relevante samarbeidsaktørar. VNB fungerer som ein lyttepost for HFK i EU. Fylkesordførar er medlem av styret for VNB.

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
----------	---------	------------------------	--------------	-----------	-----	----

Gje fagleg rettleiing og støtte til utvikling og gjennomføring av internasjonale samarbeidsprosjekt internt i HFK knytt til EU sine samarbeidsprogram	FIA		x	Alle	x	x
Mobilisere kommunar, bedrifter, kulturinstitusjonar og frivillige organisasjonar til å delta i internasjonale samarbeidsaktivitetar	FIA		x	Alle	x	x
Koordinere og følgje opp aktivitetar i regi av CPMR og Nordsjøkommisjonen	FIA		x	Alle	x	x
Koordinere aktivitetane i samarbeidsregionane og delegasjonsbesøk mellom regionane	FIA		x	Alle	x	x
Vere kontaktpunkt mot Vest Norges Brusselkontor og vidareformidle informasjon om EU sine satsingsområde som er relevante for Hordaland	FIA		X	Alle	X	x
Leie internasjonal gruppe i Vestlandsrådet og førebu politiske saker knytt til det internasjonale arbeidet	FIA					

Planseksjonen



Seksjonen har er etablert for å ivareta desse oppgåvene og har 9 medarbeidarar. Dei varetek forvaltning av dei budsjettmessige ansvarsområda lista opp under, samt dei saksfelte som er i tabellen under

Ansvarsstad
160200 Planseksjonen - Drift

Brutto budsjett
5 814 000

Regional og kommunal planlegging

Regional planstrategi og regionale planar

Planseksjonen har sitt arbeid hovudsakleg forankra eller pålagt i Plan- og bygningslova og oppgåver knytt til gjennomføring av dette. Beslutningsmynde er fordelt mellom fylkestinget, fylkesutvalet og fagutval og delegert til administrasjonen. Seksjonen har ansvar for arbeidet med Regional planstrategi som er ein overordna utviklingsplan for Hordaland og inneheld eit program for regional planlegging. Planseksjonen bistår andre avdelingar med plankompetanse og utviklar rutinar og modellar for god planpraksis. Planseksjonen har sjølv ansvar for ei rekkje planar som er arealretta. Tettstadutvikling og regionsenterforum høyrer inn under oppfølging av regionale planar og er godt motteke i kommunane.

Planseksjonen forvaltar midlar til regional planlegging, gjennomføring av regionale planar under planseksjonens ansvar, formidling av plankompetanse til kommunane og til samarbeidsprosjekt med kommunane om tiltak som bidrar til gjennomføring av planar.

Rettleie og samarbeide om kommunal planlegging

Regionale planar skal leggjast til grunn for kommunal planlegging. Planseksjonen koordinerer fylkeskommunens medverknad i kommunal planlegging og prioriterer tidleg påverknad på overordna nivå gjennom kommuneplanens arealdel og samfunnsdel. Samarbeid i reguleringsplanlegging er også viktig då fleire interesser først gjer seg gjeldande på detaljert nivå. Seksjonen prioriterer dialog i tidleg fase for å unngå konflikt seinare. Planaktiviteten er høg i kommunane i Hordaland og i tillegg er det svært mange søknader om dispensasjon frå lovverk og planar. Planseksjonen har derfor arbeidd med effektivisering av sakshandsaminga over lengre tid, men det er likevel ikkje kapasitet til å gje fråsegn til dispensasjonssaker oversendt frå kommunane.

Regionalt planforum er eit koordinerande organ forankra i Plan- og bygningslova. Fylkeskommunen leiar forumet og koordinerer gjennom dette både fylkeskommunal og statleg medverknad i kommunal planlegging i fylket. Planforum har god oppslutning.

Fylkeskommunen skal i følge Plan- og bygningslova bistå kommunane med plankompetanse etter behov. Planseksjonen gjennomfører dette i form av tilbod til kommunane om opplæring og informasjon med samlingar, kurs og konferansar samt rettleiing direkte til kommunar som ber om det. Dette er tilbod som er svært godt mottatt i kommunane.

(PS = Planseksjonen)

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
		X	x	x	x	X
Regional planstrategi						
Utarbeide regional planstrategi	PS alle	X		x	x	X
Gjennomføring	PS	X				
Formidling og informasjon	PS			x	X	x

Retningslinjer for regional planlegging	PS		X	x	x	X
Etablere planring	PS					
Utarbeide og iverksette regionale planer innan areal	PS					
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	PS		X	x	x	X
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	PS		X	x	x	X
Regional plan for attraktive senter	PS Alle		X	x	x	X
Regionale planar for villreinområda	PS		X	x	x	X
Rullere Hardangerviddaplanen	PS		X	x	x	X
Regional klimaplan - oppfølging av handlingsprogram	KNS		X	x	x	X
Regional plan for folkehelse	NS		X	x	x	X
Regional kompetanseplan	FIA		X	x	x	x
Regional transportplan	PS		X	x	x	X
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet	PS		X	x	X	x
Rettleie og samarbeide om kommunal planlegging	PS	X				
Planfagleg rådgjeving og dialog med kommunar	PS	X				
Regionalt planforum	PS	X				
Følge opp arbeid med kommunale planstrategiar	PS	X				
Delta i relevante interkommunale plansamarbeid	PS	X				
Gi fråsegn til kommunale planar	PS	X		X		
Registrere og rapportere (KOSTRA) kommunale plansaker	PS	X				
Samarbeid med relevante kompetansmiljø	PS					
Planfaglig tema - kompetanse og koordinering	PS	X				

Tettstadutvikling og tettstadforming	PS		X			
--------------------------------------	----	--	---	--	--	--

Delegasjon etter særlov:

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Fremja motsegn til forslag til kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan.	PS		X			
Fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.	Direktør					
Fylkesrådmannen har fullmakt til å delta i mekling på vegner av fylkeskommunen.	Direktør					
§ 9-1 Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå KIRU/MISA i vegsaker, å be kommunar om samarbeid om planlegging når det er nødvendig for å ivareta omsyn og løysa oppgåver som går ut over den enkelte kommunen.	PS	X	X	X		
§ 9-4 Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling KIRU/MISA i vegsaker, å be kommunar om at arbeidet vert vidareført som regional plan når det er nødvendig for å ivareta omsyn og løysa oppgåver som går ut over den enkelte kommunen.		X	X	X		
§ 9-5 Fylkesrådmannen har fullmakt til å mekla etter oppmoding frå kommunane når dei er ueinige om innhaldet i eit samla planforslag.						
§ 9-6 Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå KIRU/MISA i vegsaker, å vedta endring av ein plan som er blitt til i interkommunalt samarbeid.	PS	X	X	X		
§ 9-7 Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå KIRU/MISA i vegsaker, å vedta oppstart av planarbeid.		X	X	X		
§ 10-1 Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje kommunane synspunkt til arbeidet med kommunal planstrategi. Synspunkta vert å						
Gje uttale/synspunkt til handlingsdelen i kommuneplanen.	PS					

Ta imot varsel om oppstart av arbeid med kommuneplan.	PS					
Gje fråsegn/uttale til forslag til planprogram for kommuneplan.	PS					
Fullmakt til å gi fråsegn og fremja motsegn til planforslag.	PS		X			
Fullmakt til å ta imot vedteken kommuneplan.	Direktør					
Fullmakt til å fremja motsegn til kommuneplanen sin arealdel.	PS		X			
Fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.	Direktør					
Fullmakt til å gje fråsegn til mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel.	PS					
Fullmakt til å ta imot varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan	PS					
Fullmakt til å gje fråsegn til planprogram for reguleringsplan.	PS					
Fullmakt til å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommune er tiltakshavar. Fullmakt til å fremja motsegn til reguleringsplan.	PS PS		X X			
Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen ikkje er tiltakshavar.	PS					
Fullmakt til å gje fråsegn til mindre endring og til oppheving av reguleringsplan.	PS					
Fullmakt til å gje fråsegn til søknad om dispensasjon frå planar, plankrav og forbodet i § 1-8.	PS					

Administrativ støtte

Stabsoppgåvene i Regionalavdelinga er dei seinare åra gjennomgått og prioritert for å ta ut effekt av nye arbeidsmetodar og innføring av ulike IT-system, og ressursbruken er redusert i tråd med dette. I den grad det er sett som formålstenleg å flytte oppgåver til sentrale stabseiningar i fylkesadministrasjonen er dette gjennomført.

Regionalavdelinga forvaltar ein samansett portefølje av fylkeskommunale og statlege midlar, samt tidsavgrensa prosjekt med ulik finansiering og krav til rapportering. Tilsegn som går over fleire år skal følgjast opp. Dette stiller store kvar til god økonomisk kontroll, og støtte til avdelinga knytt til løpande økonomiarbeid samt økonomisk oversyn er ei prioritert oppgåve. Ved anskaffingar vert det lagt vekt på å

følgje lovverket og fylkeskommunen sine retningsliner for innkjøp. Staben bistår med konkurranse- og kontraktstyring.

Effektiv personaladminstrasjon og støtte til personaleiing er viktig ikkje berre for å tilfredsstille lovkrav, sikre godt arbeidsgjevarskap og rett rekruttering, men også for god økonomistyring – særleg der tilsette er knytt til eksternt finansierte prosjekt.

Staben i Regionalavdelinga bistår vidare med koordinering og tilrettelegging for leiinga, avvikling av konferansar med meir.

For å ivareta desse oppgåvene og har Stabseininga 5 medarbeidarar. Dei varetok dei saksfelte som er i tabellen under.

Saksfelt	Seksjon	Lov - forskrift pålagt	Vedtak /plan	Fag utval	FUV	FT
Gjennomføre årshjul økonomi	Stab	x				
Gi støtte i økonomiarbeid	Stab					
Bistå i anskaffingsprosessar	Stab	x				
Sikre god personaladministrasjon	Stab	x				
Gi støtte til direktør og leiargruppe	Stab					
Serviceoppgåver	Stab					